



**ØY
GARD
EN**

- eit fyrårn i vest

Investeringar i Øygarden kommune

**Orientering v/Marius Sylta
Utval for samfunnsutvikling
13.05.2020**



Innleiing

- Stabseining Innkjøp og investering – ansvar for kommunen sitt innkjøpsområde og investeringsprosjekt. 8 faste årsverk – 4 prosjektleiarar som har ansvar for investeringsprosjekt.
- Disposisjon:
 - Generelt status investeringsprosjekt
 - Prosjekt som er ferdigstilt
 - Prosjekt som er i sluttfasa
 - Prosjekt som er i gang/startfase
 - Prosjekt som er under planlegging/prosjektering.

Status investeringsprosjekt – generelt.

- *«Arva» mange prosjekt frå dei gamle kommunane. Var høg investeringsaktivitet dei siste åra. Fokus på ferdigstilling av investeringsprosjekt frå dei gamle kommunane.*
- *Tett samarbeid med Eining for eigedom, drift og vedlikehald, særskild samferdsel og byggdrift.*
- *Dialog med Øygarden bustadutvikling KF og Øyvar.*
- *Ulik praksis på korleis investeringsprosjekt blir gjort i dei gamle kommunane. Viktig å få på plass eit investeringsreglement og rapporteringsrutinar for den nye kommunen. «Beste praksis».*
- *Økonomi- og investeringsreglement opp til politisk handsaming i desse dagar.*
- *Corona*

**Prosjekt som er
ferdigstilt**

Hellesøy kai, snuplass

- **Formål:** Bygging av parkeringsplass for besøkande til øyane i nord, kollektivplass for buss, opprydding i VA og sikre vassforsyning til nærområdet og Hernar.
- **Lokasjon:** Hellesøy
- **Framdrift:** Ferdigstilt, ventar på dokumentasjon for overtaking.
- **Økonomi:** Om lag på budsjett MNOK 25.
- **Ferdigstilling:** Ferdig.

Kulturhuset-Oppgradering

- **Formål:** Kultursal og møte-/selskapslokaler
- **Lokasjon:** Kulturhuset på Rong
- **Framdrift:** Overtatt
- **Økonomi:** Omtrent på budsjett MNOK 16,6. Sluttoppgjer betalt.
- **Ferdigstilling:** Var overtatt i des. 2019

Kjøpmannsvågen - Parkeringsplass FV561

- **Formål:** Sanering av trafikkfarleg parkering og bygging av nye parkeringsplassar for turområde i Kjøpmannsvågen jamfør reguleringsplan.
- **Lokasjon:** Under Rongesundet bru, v/FV561 på Toftøy
- **Framdrift:** Dei første tre parkeringsplassane er ferdig. Resterande plassar kan byggast når det er overskotsmassar i andre prosjekt.
- **Økonomi:** Så lang godt under budsjett MNOK 5,8.
- **Ferdigstilling:** Del 1 er ferdig.

Liljevatnet barnehage

- **Formål:** Etablere barnehage i tidligere Liljevatnet skule sine lokalar. Barnehagen er prosjektert for 6 stk avdelingar for tilsaman 144 plassar. Barnehagen skal avlaste Svingen barnehage, samt bidra til redusering av barnehageplassar kommunen i dag leiger hjå nabokommunar.
- **Lokasjon:** Arefjordsvegen 290, 5355 Knarrevik
- **Framdrift:** Barnehagen blei opna for barn i desember 2019. 4 stk avdelingar blei realiserte. 2 avdelingar blei kutta ut grunna manglande økonomiske rammer. Noko gjenstående reklamasjonsarbeid pr. mai 2020.
- **Økonomi:** Prosjektet er fullført iht. budsjett på MNOK 22,5.
- **Ferdigstilling:** Prosjektet var ferdigstilt februar 2020 iht. framdriftsplan.

Foldnes skule

- **Formål:** Fjerne asbest ved skulen, samt rehabilitere «raudt» bygg ved Foldnes skule.
- **Lokasjon:** Foldnes
- **Framdrift:** Prosjektet er avslutta. Reklamasjonar, sluttoppgjer og litt supplerande innkjøp (inventar) står att.
- **Økonomi:** Innafor budsjett på MNOK 42,35.
- **Ferdigstilling:** Avslutta til sommaren.

**Prosjekt som snart
er ferdig**

Hjeltefjorden sjøfront - molo

- **Formål:** Bygge molo og småbåthamn for utleige av båtplass og gjestehamn med tankanlegg. Ternholmen blir landfast og blir ein del av turløypene i området jamfør reg.plan
- **Lokasjon:** Ternholmen, Rong
- **Framdrift:** Er teke i bruk. Manglar den siste finpussen.
- **Økonomi:** Ramme 35 MNOK. Blir truleg om lag MNOK 2, 6-7 % over budsjett enn budsjett. **Grunngjeving:** Innkjøp av molo var gjort på kjent kostnad. Vedtak om fylling i sjø og bygging av turvegar var gjort på estimat (usikre tal)
- **Ferdigstilling:** mai/juni 2020.

Hjeltefjorden Arena symjehall m/uteområde

- **Formål:** Erstatte symjebassenget på Rong som er nesten 40 år Uteområdet blir felles tur og opphaldsrom for ungdomsskule, barnehage, eldrebustad og idretts- og symjehall.
- **Lokasjon:** Ternholmvegen 63, Rong
- **Framdrift:** Skulle vore ferdig i april, 3mnd forseinking grunna utfordringar med tribune. Blir ytterlegare forseinka grunna innreiseforbudet (Korona) for bassengleverandøren sin montør
- **Økonomi:** Ramme MNOK 145. Prosjektet blir ein del dyrare, spesielt knytt til tilhøve kring tribuna. **Grunngjeving:** Kostnadsauken kom seint fram. Det er kutta ein god del kostnadar. 9 millionar +/- alt etter kva ein kjem til semje om med leverandør.
- **Ferdigstilling:** Førebels usikkert, truleg sommar 2020.

Hjeltefjorden fjordpark

- **Formål:** Bygging av torg og park i Rong sentrum jamfør reguleringsplan. Parken er ei del av tur og friområda kring sentrum og bind saman turvegar, sentrumsfunksjon, båthamn, bubilplass, kommunedelsenter, skule og idrett.
- **Lokasjon:** Rong sentrum
- **Framdrift:** I hovudsak ferdig, manglar asfalt og montering av leikeapparat .
- **Økonomi:** Mykje omtalt, har vore eit prosjekt som har blitt større enn opprinneleg planlagt. Kostnadane har auka grunna "oppgradering av bygget" og val av dekke i parken grunna bestillingar i 2019. Vi er no innafor sist vedteke ramme på om lag MNOK 30 inkl VA.
- **Ferdigstilling:** mai/juni 2020.



Bilde: Vestnytt v/Kyrre Styve

Kulturhuset på Rong - nytt tak

- **Formål:** Reparasjoner og takteking
- **Lokasjon:** Kulturhuset på Rong
- **Framdrift:** Tak over Kultursalen er ferdig. Midtbygget er klart for fasadearbeider, men må gjerast etter fasadearbeida for å unngå skader på taktekinga av stillas osv. Taket over den gamle symjehallen er reparert og er ikkje nødvendig å tekke på nytt.
- **Økonomi:** Innafor budsjett på MNOK 20,7.
- **Ferdigstilling:** Vart ikkje ferdig før oppstart av neste prosjekt pga. dårleg ver, held no på med fasadearbeider. Seinast haust 2020.

Kulturhuset på Rong -Ny fasade og skytehall

- **Formål:** Symjehall bygges om til skytebane
- **Lokasjon:** Kulturhuset på Rong
- **Framdrift:** Foreløpig i rute, men vil bli noko seinare ferdig enn planlagt
- **Økonomi:** Innafor budsjett på MNOK 16,75.
- **Ferdigstilling:** Planlagt i slutten av juni, men pr. i dag veit vi at overtaking vil bli eit par veker seinare enn planlagt pga. forsinka leveransar av fasadeplater frå utlandet.

Blomvåg Gravplass

- **Formål:** Utviding av kapasiteten på eksisterande gravplass utan utviding. Gjennomført på den nye delen ved auka gravdjupne (to kister i høgda). Tiltaket er også under vurdering for deler av den gamle gravplassen.
- **Lokasjon:** Gravplass ved Blomvåg kyrkje
- **Framdrift:** Del ein er gjennomført og ferdig. Del to er under prosjektering.
- **Økonomi:** Gjennomføring av del ein og prosjektering av del to er gjort jamfør budsjett på MNOK 5. Evt. gjennomføring av del to vil trenge løyvingar.
- **Ferdigstilling:** Del ein er gjennomført. Del to vil kunne lysast ut hausten 2020 om ynskjeleg.

Ny Gymsal Rong skule

- **Formål:** Ny gymsal
- **Lokasjon:** Rong skule
- **Framdrift:** Litt forsinka overtaking grunna utfordringa med grunnarbeid og elektro.
- **Økonomi:** Ender om lag på budsjett på MNOK 31,25.
- **Ferdigstilling:** Opprinneleg planlagt i slutten av mars, men overtaking i slutten av mai.

Gymsalen – Bilde tatt frå leikeområde



Kystmuseet-Nybygg på kai

- **Formål:** Nybygg for formidling
- **Lokasjon:** Museumsvegen 9, Rong (Ovågen)
- **Framdrift:** I rute
- **Økonomi:** Innafor budsjett på MNOK 12,5.
- **Ferdigstilling:** Planlagt i slutten av juni.



Landro gravplass - utviding

- **Formål:** Utvide gravplassen ved Landro kyrkje. Samt utbetre trafikksikkerheiten langs delar av Landrodalen.
- **Lokasjon:** Landro
- **Framdrift:** Prosjektet med gravplassen er avslutta. Pågår arbeid med flytting av klokketårnet ved kyrkja.
- **Økonomi:** Innafor budsjett på MNOK 30.
- **Ferdigstilling:** Avslutta til sommaren.

Ombygging demensavdelinga ved Fjell sjukeheim

- **Formål:** Bygge om demensavdelinga frå 10 mindre sengerom til 8 nye, tilpassa Husbanken sine arealkrav. Installering av velferdsteknologi.
- **Lokasjon:** Fjell sjukeheim
- **Framdrift:** Start riving og bygging januar 2020.
- **Økonomi:** Det er sett av MNOK 20,6 til prosjektet. Førebels innafor budsjett.
- **Ferdigstilling:** Planlagt ferdigstilling månadsskiftet juni/juli-20. Vil truleg klare forventna overlevering.

**Prosjekt som er i gang/i
oppstart**

Barnehage Spildepollen

- **Formål:** Bygge ny barnehage i Spildepollen som vil erstatte Telavåg og Glesnes barnehage.
- **Lokasjon:** Spildepollen, Øygarden Sør
- **Framdrift:** I samsvar med plan. Ein held på med grunnarbeid og startar arbeidet no med ringmur. Det vart noko meir grunnarbeid enn planlagt.
- **Økonomi:** Budsjett MNOK 41,8 inkl. mva.
- **Ferdigstilling:** Ferdigstillingsdato 14.04.2021. Oppstart barnehage ved start på barnehageår 2021/22.

Stranda Skule-Nytt tak

- **Formål:** Rehabilitering av tak på Stranda skule-gamle del. Opsjonar med omsyn på rehabilitering av tak på symjehallen, samt skifte av fasadekledning på symjehall.
- **Lokasjon:** Stranda skule- 5379 Steinsland
- **Framdrift:** Arbeidet er lyst ut på Doffin. Tilbudsfrist 13.mai. Planlagd oppstart medio juni.
- **Økonomi:** Økonomisk ramme på 4 mill. inkl. mva.
- **Ferdigstilling:** Planlagd ferdigstilling hausten 2020

Arseta - Kryss ink. VA

- **Formål:** Bygge einsidig kryss på Arseta for å sikre gode vegar for mjuke trafikantar sør for sentrum samt avkjørsel til regulert bustadområde. Legg til rette for sanering av dårleg kloakkløysing og sikrar vassforsyninga for området både sør og nord for området.
- **Lokasjon:** Arseta/Medarseta, sør for Rong sentrum.
- **Framdrift:** Forsinka oppstart grunna arkeologiske utgravingar og utfordringar med VA-plan
- **Økonomi:** jamfør budsjett, totalt for begge byggjesteg MNOK 70.
- **Ferdigstilling:** innan utgangen av 2020.

Arseta - Kryss del 2 m/kulvert

- **Formål:** Bygge einsidig kryss på Arseta for å sikre gode vegar for mjuke trafikantar sør for sentrum samt avkjørsel til regulert bustadområde. Legg til rette for sanering av dårleg kloakkløysing og sikrar vassforsyninga for området både sør og nord for området.
- **Lokasjon:** Arseta/Medarseta, sør for Rong sentrum.
- **Framdrift:** Plan for kulvert er til godkjenning hos Vegdirektoratet. Utlysing på DOFFIN juni 2020. Krevjande prosjekt pga. 300 kV jordkabel til Kollsnes
- **Økonomi:** jamfør budsjett, totalt for begge byggesteg MNOK 70.
- **Ferdigstilling:** 2021/22

**Prosjekt som er under
prosjektering/
planlegging**

Områdeutvikling sør, ny brannstasjon + turveg rundt Skogsvatnet

- **Føremål:** Bygge ny brannstasjon, bygg for driftsavdelinga og bussparkering + etablere turveg rundt Skogsvatnet.
- **Sjå eiga sak.**

Prosjektering FV 198 Klokkarvik

- **Formål:** Utbetre veg forbi Klokkarvik "sentrum" og etablere gang, sykkelveg, vatn og avlaup.
- **Lokasjon:** Klokkarvik, Øygarden Sør
- **Framdrift:** Prosjekteringsarbeid omtrent ferdig.
- **Økonomi:** Det er satt av MNOK 6,5 til arbeidet. Prosjektet ligg inne i ØYVAR sitt investeringsbudsjett. Ein er avhengig av midlar frå Fylkeskommunen for at prosjektet skal vere fullfinansiert. Totalramme for prosjekt er stipulert til MNOK 20.
- **Ferdigstilling:** Det er ikkje fastsett ferdigstillingsdato for prosjektet.

Gang og sykkelsti Kausland - Glesnes

- **Formål:** Etablere gang- og sykkelsti frå gamle skulen på Glesnes til nye Spildepollen skule. Det er allereie gang- og sykkelsti på strekninga, men det manglar eit lite stykke. Det skal leggest ny vatnledning på strekninga.
- **Lokasjon:** Glesnes, Øygarden Sør
- **Framdrift:** Prosjekteringsarbeid pågår
- **Økonomi:** Det er satt av MNOK 4,5 til arbeidet. Ein er avhengig av midlar frå Fylkeskommunen for at prosjektet skal vere fullfinansiert. Øyvar har midlar til vassledning i sitt investeringsbudsjett og kommunen har tilsegn på trafikksikringsmidlar frå fylkeskommunen på 2,5.mill.
- **Ferdigstilling:** Det er ikkje fastsett ferdigstillingsdato for prosjektet.

Lagerbygg Porsvika fiskerihamn

- **Formål:** Etablere lagerbygg i tilknytning til fiskerihamn i Porsvika
- **Lokasjon:** Porsvika fiskerihamn, Øygarden Sør.
- **Framdrift:** Prosjekteringsarbeid pågår. Planlagt møte med kaistyret i veke 21.
- **Økonomi:** Budsjettet med MNOK 5,3.
- **Ferdigstilling:** Det er ikkje fastsett ferdigstillingsdato for prosjektet.